



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 23.08.2022
Vår ref.: 201600749-8 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 20/159 - 22/36508

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE si fråsegn – Avgrensa høyring - Detaljplan for Langeland B5 Gbnr 324/7 og 90 mfl. - Alver kommune

Vi syner til brev datert 14.07.2022. Saka gjeld avgrensa høyring av detaljreguleringsplan for Langeland B5. Føremålet med planen er å legge til rette for utbygging av bustader, næringsbygg og aktivitets- og konferansesenter.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Konkrete innspel

NVE har ingen merknader til endringane i detaljreguleringsplan for Langeland B5. Vi vil minne dykk på vår oppmoding frå NVE sitt fråsegn til offentleg ettersyn av planen datert 23.04.2021. Der peika vi på at flaumvegane bør synast i plankartet, her under flaumvegar på overflata om lukka system skulle gå tatt eller få for dårleg kapasitet. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort i plankartet.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:

Alver kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND